
Fra: Gunnar Vetlejord <gvetejord@gmail.com>
Sendt: 29. august 2016 13:37
Til: Benjamin Stephen Hicks
Emne: Re: Lindås kommune sitt brev 030816 - Dykkar ref. 16/1980 - 16/20604

Refererande til brev 030816 - ref. 16/1980 - 16/20604

Frist for uttale 010916.

Eg har nokre merknader til Morten Magnus Andreassen sin søknad om " Markterasse/terasse
Gnr 188/513.

Eg har gjennom siste åra fleire gonger teke opp med Morten Magnus Andreassen om korvidt slik bygging er søknadspliktig.

Han har konsekvent, og med stor overbevisning slått fast følgjande:

1. Nabovarsel er ikkje nødvendig
2. Han kan fritt byggje slik han har gjort.
3. Han har stor kunnskap om Bygningslova etter mange år som handtverkar/byggmeister
4. Eg er ikkje normal som klagar/stiller spm omkring dette.

Dette står i stor kontrast til kva Lindås kommune uttaler om saka.

Same forhold gjeld bua som eg " held vegg til".

Eg finn det og underleg at Morten Magnus Andreassen- slik eg ser det - freister å bagetellisere dei faktaopplysningar Lindås kommune har i saka.

Td at reguleringsplanen er 30 år. At bygget vart sett opp spontant, At han er meir praktiker enn teoretiker. At saka aldri har vore tema for tidligare bebuarar av eige domene. Noko som nok har si årsak i at desse bustadane var gjennomgangsbustader for Statoil tilsette.

Oppsummert: For meg synes argumentasjonen noko søkt, og litt harselerande i forhold til reglar og forskrifter.

Boss og forureining:

Som eg har orientert om tidligare har Magnus Morten Andreassen no etablert ein bossdunge bak bua si. Der finn ein ma. bensinkanne, spann med "Flugger sandplast, diverse andre behaldarar, papp, puter, treverk mm.

Eg er redd for at det kan oppstå lekkasje frå kanner og spann.

Bossdunga vil kunne trekkje til seg rotter og utøy. Rotter er sett i nærleiken.

Når bossdunga vart etablert - etter Dykkar brev 030816 så var ein del av innhaldet lagt på mi tomtene. Nokre av plantene våre vart ødlagte osv.

For å hindre slik framferd har eg no fått sett opp gjerde i tomtegrensa.

Eg er noko usikker på om kva instans som kan gripe inn her, og er takksam for råd

Konklusjon:

Eg støttar Lindås kommune sine pålegg i saka, og ber om at dei vert gjennomførde.

Gunnar Vetlejord

2016-08-15 7:27 GMT+02:00 Benjamin Stephen Hicks <Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no>:

Hei,

Naboen søker om heile eller delar av allereie oppført tiltak. Dette har han rett til.

Nabovarsel er eit naudsynt ledd når naboen nå vel å søke om tiltaket.

Har du merknader til tiltaket må du sende merknadene dine til naboen.

Med helsing,

Benjamin Hicks

Jurist
Byggesak

postmottak@lindas.kommune.no

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20
NO-5914 Isdalstø
Telefonnummer +47 56375000

Fra: Gunnar Vetlejord [mailto:gvetlejord@gmail.com]

Sendt: 13. august 2016 10:17

Til: Benjamin Stephen Hicks

Emne: Lindås kommune sitt brev 030816 - Dykkar ref. 16/1980 - 16/20604

For informasjon:

Den 120816 mottok eg NABOVARSEL frå gnr. 188/513 ved Morten Magnus Andreassen dagsett 090816.

Nabovarselet gjeld:

Markterasse/bakketerasse på sør og østsiden av huset. Bygget partvis seneste 4 år, nå anmeldt av tilstøtende nabo, søker dispensasjon fra byggegrense.

Eg finn det underleg at eg fleire år etter at denne terassen er ferdig får nabo varsel, og er usikker på korleis eg skal forhalde meg til dette. Jfr. Dykkar brev 030816 der det er utferda pålegg og krav om riving for same terasse.

Eg ber om råd, og høyrer gjerne frå deg.

Mvh

Gunnar Vetlejord